

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 18.05.2015

Vår ref.: 201102292-9

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Steinar Pettersen

22959403/stp@nve.no

## Tysso Kraftverk AS – Søknad om løyve til Tysso kraftverk i Ulvik herad i Hordaland – høyring

NVE har motteke ein søknad frå Tysso Kraftverk AS, datert 22.04.2015, om løyve til Tysso Kraftverk i Ulvik herad.

Tysso kraftverk vil nytte eit fall i Tysso på 227 m frå inntaket 237 moh. til kraftstasjonen 10 moh. Planen er å nytta den eksisterande kraftstasjonsbygninga Ulvik 1. Vassvegen vil gå i ein 350 m lang tunnel frå inntaket, og vidare i ei nedgravd røyrgate ned til kraftstasjonen. Vassvegen blir 1450 m lang. Det må byggast i alt 35 m ny veg til høvesvis inntak og tunnelpåhugg. Middelvassføringa er 2,21 m<sup>3</sup>/s, og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 4,4 m<sup>3</sup>/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 8,3 MW og gi ein årleg produksjon på 26,5 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på 1720 m i Tysso. Ca. 500 m av denne strekninga er i dag nytta i Ulvik 1 kraftverk. Det er planlagd slipp av minstevassføring på 180 l/s i perioden 01.05 til 30.09 og 64 l/s resten av året. Dette er identisk med utrekna 5-persentilar.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Tysso kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline, og det er søkt om løyve til oreigning dersom det ikkje blir inngått minnelege avtalar med alle rettshavarar.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Ulvik herad leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Tenestetorget fram til **29.06.2015**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**

Vangsvieien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **29.06.2015**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt  
seksjonssjef

Steinar Pettersen  
seniorrådgiver

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:        Papirversjon av søknaden til kommunen  
                  Kunngjeringsstekst  
                  Informasjonark

Mottakerliste:

Bergen og Hordaland Turlag  
BKK Nett AS  
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard  
Forum for natur og friluftsliv Hordaland  
Friluftsrådernes Landsforbund v/Bergen og Omland Friluftsråd  
Fylkesmannen i Hordaland  
Hardanger Energi AS  
Hordaland fylkeskommune  
Naturvernforbundet i Hordaland  
NJFF – Hordaland  
Norges Miljøvernforbund  
Statens Vegvesen - region vest  
Ulvik herad  
Ulvik Herad - Teknisk etat

Kopi til:

Tysso kraftverk AS